

# Vedtekter for Leiketun Barnehage AS

## 01 EIGAR

Frekhaug Indremisjon eig og driv Leiketun Barnehage gjennom Leiketun Barnehage AS. Styret for aksjeselskapet er ansvarleg organ for barnehagen og det organet som representerer eigaren. Eigar kan ikkje henta utbyte frå barnehagedrifta.

## 02 GRUNNLAG

Barnehagen skal drivast på kristen grunn i samsvar med Den norske kyrkja si vedkjenning, Lov om Barnehagar av 19.12.2008 og forskrifter til lova, rammeplan for barnehagar og årsplan for barnehagen. Barnehagen vert driven med utvida kristen formålsparagraf i samsvar med Lov om barnehagar §1 a. § 2 Kristen tru, etikk og menneskesyn dannar grunnlaget for vedtekter, årsplanar og drifta elles i barnehagen

## 03 AVTALE OM DRIFT

Barnehagen vert drive av Leiketun Barnehage AS og leiger lokale av Frekhaug Indremisjon. Det ligg føre leigeavtale mellom eigar og leigar.

## 04 FORMÅL

I forståing og samarbeid med heimen skal barnehagen hjelpe til med å gje barna ein kristen oppseding i eit trygt og godt miljø. Den skal gje gode utviklings- og aktivitetstilhøve, og utvikla hjå barna evne og vilje til å samarbeida, respektera andre, bera ansvar og ha omsorg for medmenneske både i vårt land og i andre land.

## 05 OPPTAK AV BARN

Det er felles opptak av barn for alle barnehagane i Meland kommune. Avgjer om opptak vert gjort av eit opptaksutval som er oppnemnd av rådmannen. Styrar gjev innstilling til opptak av barn.

Klage på opptak skal sendast til Meland kommune, kontor for kultur og oppvekst.

Søknadsfrist vert kunngjort i lokalavisene. Det vert suppleringsopptak heile året.

### Opptakskriterier:

Det skal takast omsyn til:

- 1 Foreldra sitt ynskje
- 2 Alderen til barnet
- 3 Søsken
- 4 Gruppesamansetning
- 5 Barn med nedsett funksjonsevne
- 6 Tilråding frå fagkunnig instans
- 7 Personalbarn
- 8 Barnets leikemiljø og sosiale tilhøve
- 9 Einslige forsørgjarar

**Opptakskrins:** Kommune til personalbarn ,Meland kommune, og dersom der er ledig plass, tek ein inn barn frå nabokommunar.

## 06 OPNINGSTIDER / BARNEHAGERUTA

Barnehagen er open 5 dagar i veka,

kl. 07.00 – 17.00 .

Barnehagen følgjer barnehageruta i kommunen.

Det er 5 planleggingsdagar i året, desse dagane er barnehagen stengt

Tilbodet skal imøtekomme brukarane sin trong for barnehagetilbud, innanfor økonomiske rammar og forsvarleg kvalitet.

Det er 11 mnd foreldrebetaling for barnehagen. Barnehagen gjev tilbod om 12 mnd åpningstid.

Den betalingsfrie mnd må aviklast såleis: Tre av ferievekene må takast i same tidsrom

som skulen sin ferie. Den fjerde veka må avtalast i god tid med styrar i barnehagen, heile veka må takast i samanheng. Dei som sluttar til ferien må ta ferien før 1 august.

Jule og nyttårsafta er barnehagen stengd.

Onsdag før skjærtorsdag er barnehagen open til klokka 12.00

## **07 BARNETAL OG ALDER**

Barnehagen er godkjent for i alder 0-6 år, 10 barn i gruppa 1-3 år og 20 barn i gruppa 3-6 år. Kvant barn skal ha eit leike-/opphaldsareal i samsvar med rettleiande norm.

## **08 PERSONALET**

Barnehagen skal ha ein styrar som har den daglege leiinga av verksemda. Styrar skal ha utdanning i samsvar med barnehageloven § 17. Dei som skal arbeida i barnehagen, må leggja fram tilfredsstillande politiattest. Eigar tilset personale i barnehagen. Styrar **saman med ein eigerepresentant frå samarbeidsutvalet** og med leiar av eigarstyret har innstillingsrett. Dei tilsette må dela livssynet som barnehagen står for og forplikta seg til å arbeida i samsvar med målsetjinga til barnehagen og gjeldande stillingsinstruks.

## **09 STYREORDNING**

Styret Leiketun Barnehage AS er styre for barnehagen. Styret er sett saman av 3 eigarrepresentantar og ein personalrepresentant. Styrar for barnehagen er sekretær for styret. Som eigarorgan skal styret

- Tilsetja personale
- Vedta instruksar og vedtekter
- Godkjenna rekneskap og vedta budsjett
- Ha ansvar for drift og vedlikehald av barnehagen
- Leggja fram årsmelding for styret i Frekhaug Indremisjon som er generalforsamling for aksjeselskapet.
- Anna som er pålagt styret etter aksjelova

## **10 SAMARBEIDSUTVAL**

Barnehagen skal ha eit samarbeidsutval (SU) som skal vera eit rådgjevande, kontaktskapande og samordnande organ. Samarbeidsutvalet har 6 medlemmer:

2 repr. valde av foreldra, valde for eitt år

2 repr. valde av dei tilsette, valde for eitt år

2 repr. valde av eigaren (Frekhaug Indremisjon), for to år

Styrar har møte-, tale- og forslagsrett. Ho er sekretær for SU, førebur sakene, set opp sakliste og kallar inn til møte i samråd med leiar av SU.

Samarbeidsutvalet for barnehagen skal m.a. bli førelagt budsjett og ein årsplan for den pedagogiske verksemda. Budsjettet vert vedteke av styret i Leiketun Barnehage AS.

Styreleiar i Leiketun Barnehage AS har møte og talerett i SU.

## **11 FORELDRERÅD**

Foreldreråd består av alle foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet skal bidra til at samarbeidet mellom barnehagen og foreldregruppa skaper eit godt barnehagemiljø. Foreldrerådet skal også ta initiativ til dugnader i barnehagen og hjelpa til med å gjennomføra desse. Foreldrerådet vel sjølv leiar og sekretær. Dei er foreldra sine representantar i SU. Foreldreråd vert halde når det er naudsynleg.

## **12 OPPLYSNING OM HELSA TIL BARNET**

Dersom styraren for barnehagen eller tilsynslegen finn det nødvendig med opplysningar om helse til barnet, skal foreldra skaffa legeattest.

Sjuka eller sterkt forkjøla barn må haldast heime p.g.a. smittefaren.

## **13 BARN SOM TRENG SÆRSKILT HJELP OG STØTTE**

Styrar har ansvar for å ta kontakt med heimen dersom eit barn har eller får spesielle vanskar. I slike høve har barnet rett til hjelp frå helsestasjonen eller pedagogisk-psykologisk teneste (PPT).

## **14 FRAMMØTE**

Når eit barn har teke til i barnehagen, må det møta regelmessig. Dersom barnet møter uregelmessig utan gyldig grunn i lengre tid, kan det mista retten til plass i barnehagen.

## **15 BETALING**

Maksimalsatsar for foreldrebetaling og søskenmodrasjon er fastsett av departementet.

Betalingsssatsane vert kunngjorde saman med søknadsskjema om barnehageplass.

Barnehagebetalinga skal betalast forskotsvis den 1. i kvar mnd. Purrebrev 1. varsel vert sendt ut dersom det ikkje vert betalt innan den 15. i mnd. Føresette får purrebrev 2. varsel den 30. i mnd. Barnet mister barnehageplassen dersom det ikkje vert betalt etter 2. varsel.

Barnehageåret er på 11 månader.

## **16 OPPSEIING AV BARNEHAGEPLASS**

Dersom eit barn må slutta i barnehagen, må dette meldast skriftleg. Det må betalast for to heile månader utanom oppseiingsmånaden. Ved oppseiing etter 1.april skal det betalast fullt ut for heile barnehageåret.

## **17 ANSVAR**

Personalet har ansvar for barnet den tida det er i barnehagen. Foreldra har det fulle ansvaret med å følgja barnet til og frå barnehagen.

## **18 INTERNKONTROLLSYSTEM**

Barnehagen har eit internkontrollsystem som dokumenterer at helse, miljø og tryggleik er tatt vare på der internkontrollforskriftene er gjort gjeldande. Leiketun har sine egne testlister og planar ut frå PBL sin HMS plan.

## **19 TEIEPLIKT**

Personalet har teieplikt etter barnehagelova §21.

## **22 ENDRING AV VEDTEKTER**

Endringar av vedtektene må godkjennast av eigar, og vert sendt kommunen til orientering.

Vedtektene vert gjort gjeldande frå 01.03.2012